



Ukrainas situasjon sett frå Sogn

Sogn regionråd vedtok i møtet 10. februar 2023 følgjande fråsegn:

Fungerande ambassadør for Ukraina, chargé d'affaires dr. Lilia Honcharevych, var to dagar i Sogn i samband med den store veterancupen i Aurland, Lærdal og Årdal. På ei mottaking mellom dei ukrainske representantane og politiske leiarar i Sogn takka ho for all støtte og hjelp Ukraina får frå Norge. Ho takka spesielt for at det med utgangspunkt i veterancupen er etablert ein aksjon, Fotball for Ukraina, som har sett Sogn på kartet på ein god måte. Ho opna ei eiga utstilling av ukrainske bøker, som flykningbarn frå Ukraina vil ha glede av å bruka.

Honcharevych overrekte også dei politiske leiarane som var til stades, eit brev der ho ber om at kommunane anerkjenner det ukrainarane kallar Holodomor, folkemord gjennom utsvelting. Det gjeld ein hungerkatastrofe som kom til gjennom ein dramatisk politikk i 1932–1933. Bakgrunnen er at jordbrukskrisa i Ukraina, som elles i Sovjet-unionen, vart tvangskollektivisert og mykje av kornproduksjonen, inklusive såkornet, vart ført ut frå Ukraina. Minst 4 millionar (kanskje så mykje som 7 millionar) svolt i hel, og politikken vart følt opp av ei undertrykking av ukrainsk kultur og identitet. Sovjetunionen la i si tid lok på kva som hende og hevda at det var hard tørke som førte til hungerskatastrofen. Nøytrale historikarar (sjå til dømes artikkel om saka i britannica.com og saksdokument hjå Europa-parlamentet) slår fast at vi her hadde å gjera med ein villa politikk. Sidan ein i Russland no tydeleg arbeider med å gjera Josef Stalin til helt att, er det viktig at desse hendingane blir opplyst korrekt.

15.12.2022 vedtok EU-parlamentet at hungersnorda Holodomor i Ukraina var menneskeskapt og villa av Sovjet-regimet under Josef Stalin. Mange EU-politikarar samanlikna også denne tragedien med det som utviklar seg gjennom Russlands noverande krig mot landet. – Holodomor er ein av dei største tragediane i det 20. hundreåret, sa EU-kommissær for helse og mattrøgleik, Stella Kyriakides frå talarstolen.

Holodomor er også anerkjent som eit folkemord av 23 land, mellom dei Tyskland, USA og Canada. Utanriksminister Jonas Gahr Støre uttalte i spørjetimen i 2008 at «Sovjetunionens ledelse bærer ansvaret for det han omtalte som «umenneskelige handlingar», men at det hersker tvil om hungersnøden var tilskirtet som folkemord» (kjelde Nationen.no). Så vidt vi veit har ikkje den norske regjeringa uttalt seg om saka etter det.

Sogn regionråd understrekar at vi står Ukrainas kamp mot ein overgrip, og at det i den samanhengen er viktig at historiske fakta om forholdet mellom dei to landa blir korrekte og fullstendige. Vi ser at mykje tyder på at Holodomor må reknast som eit folkemord mot Ukraina og fordømmer dei handlingane som ligg bak hungersnorda 1932–1933.

Sogn regionråd vil elles uttrykkja glede over at Ukrainas ambassade prioriterte å bruka mykje tid i Sogn og vil oppmoda alle om å stø aksjonen Fotball for Ukraina.

Med helsing

Roy Egil Stadheim
leiar Sogn regionråd

Brevet er elektronisk og er utan handsriven underskrift